



FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD I SKULANE I HØYANGER KOMMUNE.

§ 1. Heimel

Med bakgrunn i regulering av ordensreglementet i kommunen og Opplæringslova § 9A-10 har skuleeigar fastsett forskrift om felles reglement for orden og åtferd for grunnskulane i Høyanger kommune, gjeldande frå 01.08.2022.

§ 2. Føremål

Reglementet skal sikre at skulane har eit arbeids- og læringsmiljø som fremjar toleranse, samarbeid, respekt, trivsel, fagleg konsentrasjon, ro og orden.

§ 3. Verkeområde.

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane i kommunen. Reglementet gjeld i den tida skulen har ansvaret for elevane: i undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, under leirskule, ekskursjonar og skuleturar. Det gjeld òg på skulevegen og skulearrangement utanom skuletid. (*vedlegg 1)

Reglementet kan også verte gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, gjeve at framferda til elevane har tilstrekkeleg tilknytning til skulen.

Forskrifta gjeld òg for kulturskule, SFO og leksetid. Vedtektene for SFO inneheld meir detaljerte reglar.

I tillegg til felles forskrift for skulane, utarbeider den einskilde skule sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å sikre eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Rektor fastset det lokale trivselsreglementet etter at skulemiljøutvalet har hatt høve til innspel og handsama saka. Rektor er ansvarleg for at det lokale trivselsreglementet ikkje er i strid med den kommunale forskrifta.

§ 4. Rettar

Som elev har du rett på:

- å verte handsama på ein real måte i skuletida og på veg til og frå skulen
- at andre syner og møter deg med respekt og let eigendelane dine vere i fred
- å vere fri for fysisk, psykisk, verbal og digital plaging/mobbing/krenking/trakassering
- at du får eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- at tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller farlege hendingar

§ 5. Plikter

Som elev har du plikt til å:

- møte andre på ein ordentleg måte
- syne respekt og la andre og skulen sine eigendelar vere i fred (sekk, klede, mat og liknande).
- ikkje plage, mobbe, krenkje eller trakassere nokon, korkje fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt



Høyanger kommune

eld kraft vatn

- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø
- følgje kommunale og lokale reglement.
- ta ansvar for privat elektronisk utstyr som du vel å ta med seg i skuletida, eller i tid arrangert av skulen. Dersom du tek med deg slikt utstyr til skulen/opplegg i i skulen sin regi, er det på eige ansvar og skulen er ikkje erstatningspliktig ved uhell, skade eller om det forsvinn.

Skulen er lærings- og arbeidsplass for mange menneske, barn, unge og vaksne, som saman har ansvar for å medverke til at både elevar og tilsette har eit godt arbeidsmiljø. Alle skal følgje vanlege reglar i samfunnet og vise alminneleg god folkeskikk.

§ 6. Reglar for god orden:

- møt presis til timar og avtalar.
- møt førebudd til opplæring.
- ha med nødvendig utstyr du har fått tildelt og ta vare på det.
- hald fristar og gjer arbeid til rett tid.
- følgje skulen sine reglar for melding av fråvær.
- hald god orden.

§ 7. Reglar for god åtferd:

- syn omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering m.m.
- møt medelevar og skulen sine tilsette med respekt og gjer ditt for å halde arbeidsro i timane.
- rett deg etter meldingar frå skulen sine tilsette.
- syn nettvett og følg skulen sine reglar for bruk og oppbevaring av mobiltelefon, data- og digitalt utstyr.
- følg skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr.

Elevar, lærarar, foreldre og leing kan i fellesskap lage eigne reglar for bruk og oppbevaring av private mobiltelefonar, smartklokker og liknande. Hovudregelen er at elevane på barneskulen ikkje skal bruke private, digitale einingar i skuletida.

Framferd som ikkje skal akseptast:

- krenking, stygg munnbruk, trakassering, rasisme, diskriminering eller mobbing.
- trussel om eller bruk av fysisk og psykisk vald og digital mobbing
- fusk og plagiater, eller forsøk på dette.
- ha med, bruke, eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmidlar.
- bruk av tobakk, snus eller energidrikk /anna næringsmat/-middel som ikkje er anbefalt for aldersgruppa i skuletida, eller når skulen har tilsynsansvar.
- ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen.
- bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet.

§ 8. Bruk av elektroniske hjelpemiddel.

- IKT-utstyr og programvarer som vert brukte i skuletida, skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.
- privat IKT-utstyr som mobiltelefon, nettbrett, berbare datamaskiner og liknande, skal berre brukast etter avtale med skulen.



Høyanger kommune

eld kraft vatn

- publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr, skal ikkje innehalde tekst, bilde, lyd eller video som kan verke støyande eller henge ut enkeltpersonar eller grupper.
- publisering av bilete, lyd og video på nett krev samtykke frå dei som vert eksponerte.
- elevane kan ikkje installere privat programvare på kommunalt utstyr.
- brukarnamn og passord er privat og skal berre brukast av den aktuelle eleven.
- brot på regelverket vil føre til tiltak frå skulen.

§ 9. Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd.

1. Munnleg rettleiing frå lærar.
2. Skriftleg merknad frå lærar.
3. Munnleg rettleiing frå rektor/skuleleiar.
4. Inndra rusmidlar, farlege gjenstandar og utstyr som forstyrrar undervisninga.
5. Skriftleg melding til foreldre/føresette.
6. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid, ev. friminutt for å rette opp skadar eller tilhøve eleven er ansvarleg for.
7. Skulen kan og vurdere mekling i regi av konfliktrådet.
8. Bortvising frå undervisning for enkelttimar, enkeltarrangement eller resten av dagen.
9. Bortvising i inntil tre dagar. (8.-10. kl.) (Oppl.lov § 9A-11)
10. Mellombels eller permanent byte av klasse/gruppe. (jamf. Skriv KD 26.04.18.)
11. Mellombels eller permanent byte av skule. (Oppl.lov § 8-1)

Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje gjer dette, kan det føre til nye tiltak.

§ 10. Vurdering av orden og åtferda til eleven.

Ordensreglementet skal verne om den enkelte eleven og den enkelte sin rett til eit godt skulemiljø. Ordensreglementet skal òg sikre at eleven vert møtt på ein god måte og vert behandla rettferdig dersom skulen må reagere.

Ugyldig fråvær

Dersom ein elev ofte kjem for seint, eller er borte frå skulen utan at føresette har informert skulen, skal heimen kontaktast for å få klarlagt årsak til forseintkoming eller fråvær. Tiltaka som settast i verk, må sjåast i samband med årsak til, og kor ofte eleven kjem for seint, eller har ulovleg fråvær.

Føresette skal involverast når fråvær eller forseintkoming går ut over eleven si læring, eller forstyrrar klassen sin læringssituasjon. Føresette skal informerast om ansvaret dei har for eleven sitt frammmøte til undervisning etter opplæringslova § 2-1.

Krenking og vald

Krenking som mobbing, vald, diskriminering, trakassering og liknande vert ikkje akseptert. Kvar skule skal ha ein plan for utvikling av godt skulemiljø som er godkjent av samarbeidsutvalet. Elevar som truar med vald eller utøver vald kan visast bort frå undervisning/skule.

Farlege og ulovlege gjenstandar

Det er ikkje lov å ta med seg gjenstandar til skulen, eller opplegg i regi av skulen, som kan nyttast til å



Høyanger kommune

eld kraft vatn

skade nokon, eller gjere skadeverk. Det er forbode å nytte, oppbevare, omsette eller vere i eigarskap av tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.

Ved mistanke om at elev har med seg farlege, ulovlege gjenstandar eller rusmiddel, kan skulen si leiing gjere undersøkingar i garderobe-/ oppbevaringsskap som eleven disponerer. I slike tilfelle kan skulen si leiing òg be eleven sine føresette om skriftleg løyve til å gjere utvendig kontroll av eleven sine eigendelar i lommer, i klede, sekkar eller baggar. Om mogeleg skal eleven sine føresette få høve til å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

Farlege og ulovlege gjenstandar kan beslagleggast av skulen. Ulovlege gjenstandar vert leverte til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert leverte til eleven sine føresette etter skuletid.

Skadeverk

Elevar, som utøver skadeverk, kan bli pålagde å rydde opp etter seg og rette opp skaden dersom eleven kan klare det. Oppryddinga vil vere i ei form eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet må vere avpassa skaden eller tapet. Foreldre/føresette kan verte erstatningsansvarlege for skade, hærverk eller tap av skulen sin eigendom og utstyr, jf. Skadeerstatningslova.

Fusk eller forsøk på dette

Fusk eller forsøk på fusk kan få konsekvensar for vurdering/karakter i oppførsel. Har eleven fuska i ein prøvesituasjon, vert prøven annullert og eleven får tilbod om ny prøve dersom prøven er ein del av vurderingsgrunnlaget i faget. Elevar på ungdomstrinnet skal varslast om moglegheit for ikkje å få terminkarakter.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller prøvd å fuske på eksamen. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget, skal avgjerast av rektor. Vedtak om annullering av eksamen kan klagast inn til Statsforvaltaren i Vestland. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta, samt skulen sitt lokale trivselsreglement. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje fastsettast ut frå anna vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakter i orden eller åtferd vil, som eit hovudprinsipp, verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar om det gjeld særleg grove brot på reglementet.

§ 11. Politimelding

Alvorlege hendingar og skadeverk vil bli meldt til politiet.

§ 12. Erstatningsansvar.

Ved skadeverk på skulen sin eigedom kan elev og/eller foreldre/føresette verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. (Skadeerstatningsloven § 1.1 og 1.2.)



Høyanger kommune

eld kraft vatn

§ 13. Sakshandsaming ved bruk av tiltak.

- skulen skal sjå til at avgjerd vert teke på forsvarleg grunnlag.
- eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda.
- tiltaket skal grunnjevast. Dersom avgjerda har særleg betydning, skal dette gjerast skriftleg.
- før avgjerd om bortvising, skal skulen ha vurdert bruk av andre tiltak eller hjelpetiltak.
- i alvorlege saker skal foreldre/føresette varslast så snart det er råd.

Foreldre/føresette til elevar på 1.-10. trinn skal varslast før det vert sett i verk bortvising frå skulen.

Tiltaka i § 9 nr. 9 og 11 i denne forskrifta er enkeltvedtak og skal handsamast i tråd med reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

Gjentekne eller alvorlege brot på reglane for orden og åtferd kan medføre følgjande tiltak alt etter saka si alvorsgrad:

| Tiltak | Myndigheit | Heimel i opplæringslova |
|--|--|-------------------------|
| Samtale med elev | Skulen sitt personale | § 9A- 10 |
| Munnleg melding til føresette | Skulen sitt personale | §9 A- 10 |
| Skriftleg melding til føresette | Kontaktlærer | §9 A- 10 |
| Skriftleg irettesetting / åtvaring | Rektor | §9 A- 10 |
| Gjenstandar vert tatt frå elev | Skulen sitt personale | §9 A- 10 |
| Pålegg om oppgåver for å rette opp skade påført skulen sin eigendom | Rektor | §9 A- 10 |
| Oppmøte på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærer/rektor og/eller utføring av pålagde oppgåver | Rektor | §9 A- 10 |
| Annullering av prøver eller eksamen ved fusk, eller forsøk på fusk | Rektor | §9 A- 10 |
| Utvising frå ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar | Rektor (kan delegere mynde til ein eller fleire av lærarane) | § 9 A - 11 |
| Utvisning for resten av dagen | Rektor | § 9 A - 11 |
| Utvisning for inntil tre dagar på 8.-10. trinn | Rektor | § 9 A - 11 |
| Mellombels eller permanent skulebyte | Kommunalsjef oppvekst | § 8 - 1 |

§ 14. Iverksetting og kunngjering.

Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt skuleeigar bestemmer.

Reglementet for orden og åtferd, både den kommunale forskrifta og skulen sitt lokale Trivselsreglement, skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år i byrjinga av skuleåret. Forskrifta og det lokale reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider. Rektor har ansvaret for at dette vert gjort.

*vedlegg 1: kommunalt turreglement



Vedlegg 1:

Turreglement for ungdomsskulen, Høyanger kommune

1. På turen representerer eg meg sjølv, familien min, skulen og bygda vår.
2. Eg veit at skulen sine ordensreglar gjeld under turen.
3. Eg følgjer instruksar og meldingar frå reiseleiar, lærarar og foreldre
4. Eg deltek i det oppsette programmet, og møter opp i god tid til avtalar.
5. Eg veit at eg skal syne respekt og vere roleg på stader vi besøker.
6. På hotell og ferjer:
 - a. Gjer meg kjend med naudutgangane
 - b. Er stille på rommet og i gangane etter avtalt tid slik at andre får sove
 - c. Held orden på rommet mitt, slik at personalet får gjort reint.
 - d. Er ansvarleg for verdisakene mine, og sjekkar at eg ikkje gløymer.
 - e. Tek aldri med utanforståande inn på hotellet
7. Bruker ikkje alkohol eller andre rusmiddel og energidrikk på turen Eg går aldri ut åleine utan avtale med lærar.
8. Norsk regelverk og anbefalingar for kosmetiske endringar skal følgjast.
9. Tollreglane skal følgjast. Bagasje kan bli sjekka av tollvesen.
10. Fotografering/publisering av bilete av andre skal alltid godkjennast av dei som er avbilda.
11. Eg veit at brot på desse reglane og/eller anna klandreverdige åtfærd, kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtfærd. Alvorlege brot på reglane kan føre til at eg vert send heim på eiga rekning. Eg er klar over at mine føresette må betale desse ekstrautgiftene.